



Notat

Dato: 18.03.2015
Arkivsak: 2014/14570-38
Saksbehandlar: ROABREI

Til:	Fylkesrådmannen
Frå:	Roald Breistein

Partsbrev - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Revisjonsrapport

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 5/15 i møte 10.3.15:

«Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Einar Lutro gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Hardangerbrua AS. *Astrid F. Selsvold* gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i same selskap. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber fylkestinget om at:

Hardangerbrua AS syter for å:

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
2. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.

4. *Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
5. *Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Fylkesrådmannen syter for å:

6. *Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.*
7. *Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.*
8. *Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.*
9. *Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Påskrift frå sekretariatet:

Vi gjer for ordens skuld merksam på at et er punkt 1 til 4 i vedtaket som gjeld fylkesrådmannen.

Kopi til:
ORGANISASJONSAVDELINGA